



Forskrift om kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester.

§ 1. Heimel

Vedtak i Kvam heradstyre 13.06.2017 med heimel i lov 24.juni 2011 nr. 30 om kommunale helse og omsorgstenester m.m. (helse- og omsorgstenestelova) § 3-2 a andre ledd, jfr. Lov 2. juli 1999 nr. 63 om pasient- og brukerrettigheter (pasient- og brukarrettinghetslova) § 2-1 e.

§ 2. Formål

Formålet med forskrifta er å sikra at brukarar med omfattande hjelpebehov som har rett til langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorg får tilbodet. Forskrifta klargjer kva kriterium som ligg til grunn for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarende bustad, og kva regelverk som gjeld for venteliste.

§ 3. Virkeområde

Forskrifta gjeld for brukarar som har bustad i Kvam herad og som har varig og omfattande helse- og funksjonssvikt som medfører behov for heildøgns omsorgsteneste.

§ 4. Definisjonar

Langtidsopphald i sjukeheim

Opphald utan sluttdato der brukaren sin helsetilstand og behov for helse og omsorgstenester gjer at det ikkje er sannsynleg at vedkomande vil flytta heim eller få tilbod på lågare omsorgsnivå:

Strandebarmheimen: 13 langtidsplassar i ordinær langtidsavdeling

Toloheimen: 16 langtidsplassar i to avdelingar tilrettelagt for personar med demens (Firkløveren og gruppe 3 vest)

Øysteseheimen : 14 langtidsplassar i ordinær langtidsavdeling og 8 langtidsplassar i avdeling tilrettelagt for personar med demens

Langtidsopphald i bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester

Opphald utan sluttdato der brukar sin helsetilstand og behov for helse og omsorgstenester gjer at det ikkje er sannsynleg at vedkomande vil flytta heim eller få tenester på lågare omsorgsnivå.

Tolo omsorg: 32 omsorgsbustader

Mikkjelsflaten omsorgsbustad: 31 omsorgsbustader

Venteliste langtidsopphald i sjukeheim eller bustad særleg tilrettelagt for heildøgns tenester

Kommunen si oversikt over brukarar som etter søknad har fått vedtak om at dei er kvalifisert for langtidsopphald, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av ledig langtidsopphald.

Ventelista er ikkje eit køsystem, og plass på ventelista gir ikkje fortrinnsrett til ledig plass.

Inntaksteamet i helse og omsorg:

Desse er medlemmer i inntaksteamet: sjukeheimslege, leiar på forvaltarkontoret, pleie og omsorgsleiar og leiar på Kvam Rehabiliterings og behandlingsavdeling. Teamet har møte x 1 pr. veke (tysdag).

§ 5. Kriterium for tildeling av langtidsopphald i sjukeheim eller tilsvarande bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorg.

Hovedkriterium for tildeling av langtidsplass i sjukeheim eller tilsvarande bustad med særskilt tilrettelagt heildøgns tenester er brukar sitt behov for døgntilrettelagt oppfølging av medisinsk behandling, pleie og tilsyn. Lågaste effektive omsorgsnivå (LEON) og beste effektive omsorgsnivå (BEON) vert nytta som prinsipp ved tildeling av tenester og tiltak. IPLOS (individbasert pleie og omsorgsstatistikk) skal nyttast ved kartlegging av brukaren sitt funksjonsnivå og hjelpebehov.

Kriterium ved tildeling av langtidsopphald i sjukeheim:

- ✓ Andre alternative tenester har vore vurdert og/ eller prøvd ut utan tilfredstillande effekt
- ✓ Brukar med somatisk helsesvikt og/ eller demenssjukdom som har behov for omfattande medisinsk behandling som ikkje kan ytast tilfredstillande i heimen
- ✓ Brukar med omfattande behov for døgntilrettelagt pleie og omsorg, som ikkje kan ytast tilfredsstillande i heimen
- ✓ Brukar som er varig ute av stand til å ta hand om eiga helse og å meistre dagleglivet sine gjeremål grunna mentalt og / eller fysisk funksjonstap

Kriterium ved tildeling av langtidsopphald i sjukeheim i avdeling spesielt tilrettelagt for personar med demenssjukdom:

- ✓ Føresetnader som ved tildeling av langtidsopphald
- ✓ Brukar er diagnostisert med alvorleg grad av demens
- ✓ Brukar som har særskilt pleie og tilsynsbehov
- ✓ Brukar som har særskilt behov for tryggleik og stabilitet
- ✓ Brukar som har alvorleg grad av adferdsavvik
- ✓ Brukar som har trong for skjerming frå omgjevnadane
- ✓ Brukar som grunna omfattande hjelpebehov påfører pårørande svært omfattande omsorgsoppgåver

Særskilte kriterium ved tildeling av langtidsopphald i avdeling Firkløveren:

- ✓ Brukar som har behov for særskilt oppfølging og tilsyn
- ✓ Brukar som har kognitiv restfunksjon som kan ha glede av og nyttiggjere seg miljøtiltak
- ✓ Brukar som har særskilt trong for skjerming

Kriterium ved tildeling av langtidsopphald i bustad tilrettelagt for heildøgns omsorg (Tolo omsorg og Mikkjelsflaten):

- ✓ Brukar som har fysisk og/ eller psykisk helsesvikt og som har behov for tilrettelagd bustad med heildøgns omsorgsteneste
- ✓ Brukar som har uegna busituasjon der tilfredstillande tilrettelegging er vanskeleg
- ✓ Brukar som har behov for tryggleik, stabilitet og ei forutsigbar teneste
- ✓ Brukar som har glede av og kan fungera i eigen bustad

§ 6. Søknad, vedtak og klageadgang

Søknad om langtidsopphald skal rettast til Forvaltarkontoret i helse og omsorg.

Dersom søkjar ikkje alt er brukar av heimetenester i pleie og omsorg, kjem sakshandsamar på heimebesøk snarast råd og seinast innan 14. dagar etter at søknad er motteken, og gjennomfører ei fagleg vurdering av hjelpebehovet.

For at saka skal verta tilstrekkeleg utgreia må det hentast opplysningar frå brukar, pårørande, fastlege og anna relevant helsepersonell med følgjande føremål:

- ✓ Gi brukar og pårørande informasjon og rettleiing om tenestetilbodet i kommunen, slik at brukar kan ta vare på sine interesser i saka, irekna informasjon om klage, betaling m.m.
- ✓ Kartleggja brukar sine ressursar og behov for helse – og omsorgstenester, sosial kontakt og opplevd tryggleik
- ✓ Vurdera brukar sin samtykkekompetanse og vurdera eventuelt behov for å oppnemna partarepresentant
- ✓ Innhenta samtykke frå brukar til å henta inn ytterlegare informasjon som er naudsynt i saksutgreiinga
- ✓ Avklara brukar sine ynskjer

Sakshandsamar førebur saka og legg denne fram for inntaksteamet i helse og omsorg.

Søknad vert vurdert i tråd med lov, forskrift og kommunale kriterium.

Inntaksteamet gjer endeleg vedtak i saka. I vedtaket skal det gå fram om søkjar får:

- ✓ innvilga langtidsopphald straks
- ✓ innvilga langtidsopphald og at søkjar er sett på venteliste i påvente av ledig plass
- ✓ avslag på søknad

Vedtaket kan klagast på, jfr. Pasient- og brukarrettighetslova § 7-2. Klagen skal leggjast fram for Forvaltarkontoret som tek saka opp til ny vurdering. Dersom søkjar ikkje får medhald skal klage sendast Fylkesmannen for endeleg vurdering og avgjerd.

§ 7 Venteliste

Søkjær som fyller vilkåra for langtidsopphald i sjukeheim eller bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns tenester skal ha skriftleg vedtak om tilbodet.

Søkjær skal få tilbod om langtidsopphald straks dersom det er vurdert at langtidsopphald er det einaste tilbodet som kan sikra brukaren nødvendige og forsvarlege helse- og omsorgstenester.

Søkjær som oppfyller kommunen sine kriterium for langtidsopphald, men som med forsvarleg hjelp kan bu heime i påvente av ledig langtidsopphald kan setjast på venteliste.

Forvaltarkontoret skal til ei kvar tid ha oversikt over brukarar på venteliste.

Ved ledig langtidsopphald skal brukarar på venteliste vurderast saman med eventuelt nye søknader. Brukar med størst hjelpebehov vert prioritert til ledig plass.

§ 8 Eigenbetaling

Det vert krevd eigenbetaling/ vederlag for langtids plass i sjukeheim i tråd med Forskrift om eigenandel for kommunale tenester.

For opphald i bustad særskilt tilrettelagt for heildøgns omsorg vert det krevd eigenbetaling i form av husleige og eigenbetaling for heimetenester i tråd med Forskrift om eigenandel for kommunale tenester og kommunale takstar.

§ 9 Iverksetting

Denne forskrift er gjeldande frå 1.7.2017.

Forskrifta skal reviderast ved behov og seinast i samband med innføring av nasjonale kriterium for langtidsopphald.